

PLANOMTALE

Rullering av kommuneplanen
sin arealdel 2005 – 2017

TOKKE
KOMMUNE



PLANOMTALE

Føreord

Alle kommunar er etter kommunelova og plan- og bygningslova pålagde å utarbeide kommuneplanar. Kommuneplanen kan grovt delast inn i ein tekstdel og ein kartdel (arealdel). Arealdelen av kommuneplanen tek for seg arealutnyttingane slik ein tenker seg dei neste tolv åra.

Ein vedteken arealplan er juridisk bindande og inneheld overordna føringar for arealutnyttinga i kommunen. Kwart fjerde år, eller etter planutvalet sitt ynskje, skal ein vurdere om det skal gjerast endringar i tråd med nye samfunnsmessige utfordringar, eller nye politiske tilhøve i kommunen.

1.0 Prosess

Vedtak om oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel vart gjort i formannskapet 02.05.01 PS-sak 01/49. I vedtaket heitte det m.a. at "Føresetnadene for arbeidet er at ein i stor grad byggjer på noverande plan, med dei endringar som er turvande i høve til dagens lovverk.". Sidan noverande plan ikkje har med delar av Setesdal austhei, vart det også gjort klart at dette måtte takast inn i rulleringa slik at arealdelen omfattar heile kommunen.

I mai/juni 2001 vart det varsla oppstart av arbeidet med rulleringa. Samandrag av innkomne innspel fylgjer vedlagt, saman med innkomne merknader ved førre rullering (vedlegg 2).

Det vart i etterkant av innspelsrunden utarbeidd drøftingsnotat der aktuelle tema og utfordringar i planarbeidet vart teke opp. Formannskapet tok notatet opp til handsaming i møte 06.03.02. (vedlegg 1). Konklusjonane vart trekt fram i punkt som skulle innarbeidast i planen.

Det vart hald planforum med fylkesinstansane 18.06.02 på Fylkeshuset. Det vart halde nytt planforum 11.11.03.

Kommunestyre hadde saki oppe til handsaming i september 2003 der framlegget frå planutvalet vart nedstemt.

Etter initiativ frå ordførar vart det halde folkemøte i Byrte våren 2004 vedkomande utbygging i Byrtedalen. Eit bortimot samla formannsskap var til stades og fekk drøfta problemstillingane med grunneigarar i område.

Formannskapet gjorde følgjande vedtak - 28.04.2004:

1. Det faste utvalet for plansaker tilrår at følgjande endringar vert innarbeidd i planen:

- SH-området Mykli, deling av spreidd området for hyttebygging samt auking av antal.
- Kriterie for plassering av nye bustader/fritidsbustader i forhold til dyrka mark.
- 100 m belte mellom bebyggelse og vassdrag. Endring av føresegn frå *skal* til *bør* der det er høve til dette (gjeld vassdrag som ikkje er verna etter naturvarnlova el. vassdragslov).

2. Innarbeider endringar i planen for følgjande område:

- Byrtedalen
- Berhommen – Voilen
- Ripilen – Djupetjønn
- Skredvatn

Når det gjeld punkt 2 må arealplanen leggjast ut til nytt offentleg ettersyn og kommunen vil få krav om utarbeiding av ROS-analyse/Konsekvensutgreiing. Ansvar for dette vert lagt til næringsavdelinga (jord og skogbrukssjef). Budsjett for konsulentbistand etc. vert belasta driftsbudsjettet for arealplansaker ansvar 1110.

Saki vart oppe i kommunestyre - 15.06.2004 med følgjande vedtak:
Saka går ut no.

Tokke kommune sette difor i gong arbeid med ROS-vurderingar i desse områda. Konklusjonane frå ROS vurderingane er at områda i Byrtedalen, Skredvatn, Djupetjønn og delar av Hallbjønnsekken kan byggast ut. Ein har nytta fagekspertise hjå NINA (norsk institutt for naturforvaltning), FAUN og NGI (Noregs geotekniske institutt) til arbeide med kartlegging av risiko og sårbarheit.

2.0 Risiko og sårbarheit

Tokke kommune har fylgjande strategi vedkomande risiko og sårbarheitsanalyse i arealplanarbeidet:

2.1 LNF-områda

Innanfor dei store landbruks-/utmarksområda i kommunen vert det stadig gjort undersøkingar og tiltak som tek omsyn til sårbarheit i natur- og kulturmiljøet. Døme på dette er:

- Ajourføring og oppdatering av markslagsdatabase, økonomisk kartverk, viltkart og byggdata.
- MIS-registreringar, jfr. kap. 4.2, biologisk mangfald.
- Resipientundersøkingar på stader som er utsett for eutrofiering, forsuring, utslepp frå industri og kloakk
- Drikkevasskjelder og installasjonar er sikra i samsvar med gjeldande drikkevassforeskrift. Det vert fokusert på hygienisk sikring, evt. sabotasje leveringsvilkår osv.
- Vassdragsundersøkingar knytt til regulerte vassdrag og vassdrag i reinsedistrikt. Tokke kommune vil ta inn ”miljømål for vassdrag” i arealdelen for å synleggjere kommunen si haldning til dette. Dette vil sei ei resipientorientert forvaltning der miljømåla er styrande for investeringar i vatn, avlaup og renovasjon for å få til best mogleg levevilkår innan biologisk mangfald.

- Strategi for utnytting av utmarksressursar, nytting av støylsbuer, konsekvensar ved spreidd hyttebygging, motorferdsel o.l. Område for spreidd hyttebygging har innarbeidd krav i høve til ras, jfr. byggeområda som nemnt nedanfor.

2.2 Byggeområda

Tokke kommune er ein utsett kommune med omsyn til flaum, snøskred og steinsprang. I ei rekkje område i kommunen ligg det av den grunn føre særskilde undersøkingar/utgreiingar i høve til tryggleik for ras og flaum. Berre på Dalen er det gjennomført eit titals undersøkingar frå NGI og NVE.

NVE og Tokke kommune arbeider for tida med flaumsonekart på Dalen. Det er i tillegg planar om bygging av flaumsikring i storleiksorden 5-10 mill. kroner for å sikre eksisterande sentrumsområde. I arealdelen vert det sett krav til ROS-analyse der det planleggjast byggetiltak i flaum- og rasutsette område. I enkelte namngjevne område skal det liggje føre fagleg dokumentasjon på tryggleik i høve til ras, før byggjeløyve vert gjeve eller ved handsaming av detaljplan der det ligg føre krav om det før frådelling/ bygging. Flaumsonekart over Dalen vert styrande for kor tiltak kan iverksetjast og kor det evt. må setjast krav til ROS-analyse.

Ein god kommunikasjon i høve til NGI og NVE i samband med plan- og byggjesaker, er viktige i det vidare arbeidet med sikring og førebygging av ras- og flaumulykker. Bruk av NGI sine faresonekart basert på M711-kartserien vil vere viktige for kommunen i dette arbeidet.

2.3 Infrastruktur, kommunikasjon og vasskraftinstallasjonar

Undervegs i arbeidet med arealdelen har ein hatt møte med Statkraft og VTK vedkomande synleggjering av vasskraftinstallasjonar og anlegg i arealdelen. Høgspenlinjer, damanlegg og kraftstasjonar er synt som informasjon i plankartet. Anna informasjon som tippar, regulerer vatn, farlege istilhøve på vassdrag, tersklar, tunnelopningar o.l. er også oversendt av Statkraft og er tilgjengeleg på GIS-verktyet i kommunen. Dette er viktig å nytte seg av i samband med handsaming av søknader om tiltak av ulike slag. Det ligg også føre dambrotkart som er viktig i samband med beredskapsplanlegging.

2.4 Beredskapsplanarbeid

Tokke er med i eit interkommunalt samarbeid med Tinn og Vinje om beredskapsplan (BIKS – prosjektet). Rapporten vert oppdatert med jamne mellomrom.

I tillegg til sikring av område mot forureining og ras, er den interkommunale beredskapsplanen utarbeidd for kriseleing i særskilde kritiske høve. Brannvesenet har beredskap innan ulykker og akutt forureining. Tokke kommune har erfaring og innarbeidde rutinar for arbeid med akutt forureining.

3.0 Byggjeskikk

Teknisk utval vedtok i sak 01/46 å nedsetje ei gruppe som skulle drøfte temaet byggjeskikk. Byggjeskikkgruppa har kome med innspel og det vart fremja sak til teknisk utval med ynskje om at dei samla seg kring ein del punkt som kunne innarbeidast som retningslinjer og føresegner i arealdelen. Punkta vart vedtekne i utvalet den 23.03.02, sak 02/016 og er innarbeidde i planframlegget under byggeområde og LNF-område med høve for

spreidd utbygging. Det er i tillegg teke inn føresegner knytt til byggjeskikk o.l. for eksisterande bygningar som er omfatta av regulerings- eller bebyggelsesplan og ligg i byggeområde eller i LNF-område.

Reguleringsplanar som framleis skal gjelde er lista opp i føresegnene og går fram av plankartet. Det er lagt inn retningsliner vedkomande byggjeskikk innanfor desse områda som skal nyttast ved endring av planane.

Det kan også nemnast at Tokke kommune har sett i gang arbeid med å ta tak i skjemmande og utrygge bygningar i kommunen. Her går det føre ein eigen prosess mot utvalte bygg. Kommunen ynskjer å halde fram med dette arbeidet for å unngå ulykker, samt satse på estetikk i kommunen, også i høve til eksisterande bygningsmasse.

4.0 Landbruksfaglege vurderingar

4.1 Landbruk, vilt og fisk.

Tokke kommune vil i arealplanen prøve å leggje tilhøva til rette slik at landbruksnæringa med tilhøyrande utmarksnæringar kan utvikle seg i positiv retning, men då innanfor dei rammene som Stortinget har gjeve gjennom ulike lovar og forskrifter.

Når det gjeld jordbruket så vel som skogbruket så er vern av dei mest produktive areala det viktigaste. Det er jordlova og skoglova som set grenser og vernar om landbruksområda i arealdelen. I LNF-område der det er gjeve høve til spreidd utbygging, må det gjerast eige vedtak om at jord- og skoglova sine reglar om omdisponering og frådelling framleis gjeld.

Kulturlandskapet er viktig å taka vare på. I denne planen har ein avgrensa dette i høve til den gamle. Grunngevinga for dette er at den gamle planen tok med areal som i dag er skog og ikkje kulturlandskap.

Framlegget til arealdel gjev høve til ei viss utbygging i grendene, noko som er eit overordna mål for Tokke kommune. Dette gjeld både bustader og enkelte typar yrkesbygg knytt til attåttnæringar i landbruket. I føresegnene til desse områda ligg det inne kriteria for lokalisering av nye bygg i grendene som ikkje er knytt til stadbunden næring. M.a. skal det takast omsyn til jordbruksareal og kulturlandskapet i grendene. Freda bygningar er lagt inn i plankartet.

Planen legg opp til å verne om viltet sine leveområde. Ein har gjort villreinfaglege vurderingar i område Hallbjønnsekken for å kartlegge vidare utbygging. NINA har vore med på dette arbeide og ein har kome fram til ei forsvarleg begrensa utbygging i område vest for eksisterande regulerte område. Det vert lagt opp til kanalisering av skiutfart på ein slik måte at viktige funksjonsområde for reinen vert skjerma.

Tokke kommune har initiert eit samarbeid med nabokommunane om forvaltning av Setesdal austhei og tilhøvet til kommunane sin arealplanar. Eit tema for Tokke sin del er å sjå nærare på tilrettelagt løypenett kring Hallbjørnesekken og om dette bør endrast for å unngå konflikhtar i høve til villreininteressene.

Vidare er tidlegare utbyggingsområde/LNF-soner med høve til hyttebygging avgrensa og det er endring i kor ein kan bygge hytter.

Planen legg opp til å verne strandsona rundt vassdraga våre ved at ein har lagt inn byggeforbodsone i framlegg til revidert arealdel. Denne er lagt til 50 meter, men kan fråvikast i viss høve gjennom detaljplan for utbygginga, avhengig av topografi og høve for fri ferdsel.

Vernesona for storaurestamma i Bandak er med på kartet. Denne vernesona gjed frå 01.09 til 15.11.

4.2 Biologisk mangfald - status

Skogane i Tokke vert i 2001 og 2002 taksert av Agder –Telemark Planselskap. I samband med denne takseringa vert det same arealet gått over med take på miljøregistreringar i skog . Metodikken ein brukar er eit registreringsverktøy som vart utforma av eit stort prosjekt i regi av Landbruksdept. som vart avslutta i 2001.

Det vil seia at alt av areal som er av interesse for biologisk mangfald på det produktive skogarealet i Tokke er ferdig undersøkt/registrert. Tokke kommune har no god oversikt over det biologiske mangfaldet på produktive skogsareal. I tillegg har vi 2 generasjonar viltkart.

Når det gjeld grendene rundt om i Tokke så har vi registreringar for desse i ein rapport som vart utarbeida for Fylkesmannen i Telemark av Synnøve Blomquist i 1994.

Det einaste vi ikkje har registreringar på er areal innanfor reguleringsplanen på Dalen. Dette vil i praksis seia Tangane og Haugsevje.

Områda Byrtedalen, Djupetjønn, Skrevatn er utgreidd i forhold til biologisk mangfald. Desse områda vert lagt ut som spreidd hyttebygging og utbyggingsområde (skrevatn).

4.3 Vernesoner

Vernesone ved utløpet av Tokkeåi.

Denne sona går frå lensebekken til utløpet på kraftstasjonen. Denne gjeld frå 01.09 til 15.11, jfr. føreskrift.

Verneskoggrensa

Denne følger høgdekvote 740 m.o.h. frå Vinje grense i Byrte og sørover. I Botnedalen går den rett over dalen og vidare mot Visstadheia. Ved Myklid kryssar den dalen og går vidare mot Åmdals Verk og vidare til Fyresdal grense. I resten av Tokke er grensa høgdekvote 800 m.o.h.

Heddedalane barskogreservat

Dette området ligg mellom Dalen og Lårdal på nordsida av Bandak. Området er verna med heimel i Naturvernloven. Staten eig den vestre delen , mens den austre delen ikkje er løyst ut . Tokke kommune forvaltar område for staten og har oppsyn med området.

Dei verna områda er lagt inn under kategorien ”Bandlagde område”.

Kalkfurskogen i Eidsborgkleivane er ikkje verna. Kartet i den gamle planen er i så måte feil.

5.0 Vasskraftanlegg/-installasjonar – energi

Det vart hald møte med Statkraft og VTK 25.10.01 med tanke på å klargjere tilhøvet mellom Statkraft og VTK sine bruk av areal i kommunen og kommuneplanen sin arealdel. I fyrste omgang var det semje om å leggje inn viktige anlegg/installasjonar for kraftproduksjon som informasjon i plankartet (sjå også under kap. 2 – ROS)..

Tokke kommune vil vidareføre samarbeidet med Statkraft og VTK, i høve til utveksling av informasjon om anlegg og installasjonar, og i høve til konkrete tiltak. All informasjon vert samla i GIS-verktyet i kommunen og må gjerast lett tilgjengeleg i samband med handsaming av saker i og kring dei aktuelle områda.

6.0 Tomtesituasjonen i kommunen

Det finns framleis ein del ledige tomter på Dalen. Huvestadodden er framtidig satsing på nye tomter, m.a. på grunn av styrka infrastruktur /tilgjenge (gangbru til skulen). Tilhøvet til grusressursane må vurderast nærare i samråd med fylkesgeologen og evt. krav om rekkjefylgje i uttak og utbygging må vurderast nærare i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Dette er lagt inn som retningslinjer i planframlegget - arealdelen.

Ein ser også eit potensiale for fortetting i enkelte område på Dalen. Dette må gjerast gjennom ”miljø”-revisjon av gjeldande reguleringsplan ved at det vert lagt fokus på kvalitetar i området, byggjeskikk, grønne korridorar m.m.

- Høydalsmo har bra med tomter
- Aktuelt med enkelte nye tomter i Lårdal
- Svingen – vidare spreidd bustadbygging
- Austheia, Byrte og Mo har nokre ledige tomter

Målsetjingane om styrka busetjing i grendene er teke inn i planframlegget gjennom utlagde LNF-område med høve for spreidd utbygging , i tillegg til dei huskrullane som det ligg føre godkjende detaljplanar på. Dette vil gje større valmoglegheiter for dei som ynskjer å busette seg i kommunen i framtida.

7.0 Miljømål for vassdrag

I internasjonal bærekraftig vassforvaltning er det satt fokus på trygging av biologisk mangfald og oppretthalding av funksjonelle økosystem. Bruk av miljømål for vassforvaltning er synleggjort gjennom EU's Vassdirektiv, som er gjeldande for Noreg gjennom EØS-avtala. Tokke kommune har som mål i planperioden å kartlegge status for vassførekomstar i kommunen. Ein vil då take utgangspunkt i dei brukar- og verneinteresser som er knytt til dei ulike vassførekomstane i kommunen. Målet for arbeidet kan, etter kartlegging/undersøking vere å oppretthalde nåverande vasskvalitet samt tiltak for å betre vasskvalitet. Døme på tiltak kan vere:

- Gjennomgang av separatavløp / landbruksavrenning
- Kontroll av resipient ved kommunale reinseanlegg
- Levekår for fisk og vilt
- Miljøtiltak knytt til friluftsliv til dømes badeplassar, leirplassar, fiskeplassar, tilrettelegging
- Regulera vassdrag

- Vurdering av vassføring (køyrestrategiar, revisjonar)
- Flaumsikringstiltak
- Soner for kantvegetasjon
- Fisketiltak som terskelbygging, straumbrytarar, storsteinstiltak

Arbeidet bør organiserast frå kommunen der grunneigarar, regulantar og tilsynsmynde (NVE, fylkesmannen) er med i prosessen. Prosessen kan delast inn i ulike fasar, desse fasane er:

1. Kartlegge status og fastsetje førebels miljømål
2. Vurdering av moglege tiltak og kostnader.
3. Fastsetting av endelig miljømål og handlingsprogram.
4. Resultatkontroll.

Tokke kommune har som mål å starte prosessen med utarbeiding av miljømål i planperioden.

8.0 Samferdsel

Framlegg til trase for høgfartsbane gjennom kommunen, er lagt inn som informasjon i plankartet.

Haldningsklasser for avkøyrslar går fram av plankartet. Vidare ynskjer kommunen å jobbe aktivt i høve til vegrelaterte spørsmål for å betre standeren på riksvegane til og i kommunen, samt E134. Samarbeid med nabokommunane er viktig for å betre tilgjenge til regionen, samt leggje til rette for arbeidspendling.

9.0 Vedlegg

Vedlegg 1: Føringer for planarbeidet, notat handsama i Formannskapet, 06.03.02

Vedlegg 2: Samandrag og vurderingar av innkomne innspel

Vedlegg 3: Samandrag frå høyringsrunde

Vedlegg 4: Referat folkemøte



TOKKE
KOMMUNE

Notat

Frå: Olav Bjørn Bakken

Til:

Åge Verpe

<i>Løpenr</i>	<i>Saksnr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Seksj/sakb</i>	<i>Dykkar ref</i>	<i>Dato</i>
1376/02	01/00751	142	SEN-ADM-ORB		07.03.02

Referat frå drøfting i formannskapet 06.03.02 gjeldande arealplan

Konklusjonar frå formannskapet si handsaming av drøftingsnotatet dagsett 28.11.01 – løpenummer 8330/01.

1. Byrtedalen.
 - a. Ikkje aktuelt med gul sone,
 - b. Ta omsyn til landbruksinteressene i området
 - c. Byrtedalen inn til Ormkvålen lik sone.
 - d. Ynskjeleg med grunneigarlag som organiserar nokre få hytteområde.
2. Berhomen.
 - a. Byggjeforbod nye hytter
 - b. Omsynet til reinstrekk tungtvegande
 - c. Kan gje løyve til påbygging av eksisterande hytter
3. Botndalen – Strandsstøylaldalen
 - a. noverande gul sone endrast til spreidt hyttebygging, 1-3 evt 4/5 hytter pr. eigeidom.
4. Hallbjønnsekken
 - a. Redusere den gule sona, einaste område for tung utbygging i Tokke.
 - b. Ålmenta sin tilgang til skiløyper/utfart må takast omsyn til
 - c. Avkøyrslproblematikken sjåast nærare på.
5. Bustadtomter på Dalen
 - a. Huvestadodden – i tråd med gruppa sitt framlegg for vidare utbygging

- b. Teknisk etat ser på andre moglege tomteområde der grunnlagsinvesteringane i det vesentlege er gjort
 - c. Ta opp reguleringsplanar med tanke på å få til støre/meir attraktive tomter
- 6. Bustadbygging elles i kommunen
 - a. ingen særskilte merknadar
- 7. Spreidt hyttebygging
 - a. ingen særskilte forbodssoner
 - b. 1-3 hytter pr. eigedom, i einskilde høve opp mot 5.
- 8. Kulturlandskapsområde
 - a. reduserast i tråd med arbeidsgruppa sine tankar
- 9. Byggeskikk
 - a. arealplanen bør ha føresegner om at byggeskikk vert vurdert i reguleringsplanar – teknisk utval kjem med framlegg.
- 10. Storleik på hytter
 - a. ingen grenser
 - b. med omsyn til driftshytter og anneks vart det ikkje trekt nokon konklusjon
- 11. Motorisert ferdsel i utmark
 - a. Formannskapet drøftar dette som eiga sak med sakshandsamar tilstades.
- 12. Vidare framdrift
 - a. Framlegg godkjent
 - b. Gruppa utarbeidar utkast til arealplan på grunnlag av denne drøftinga
 - c. Utkastet handsamast av formannskapet (1. gongs handsaming)
 - d. Informasjon til innbyggjarane – møte i grendene – høyringsfrist i tråd med pbl.
 - e. Endeleg handsaming i planutvalet og kommunestyret i tråd med pbl.
- 13. Ymse
 - a. Fiskekart
 - b. viltkart

referent Olav Bjørn Bakken, rådmann

**TOKKE
KOMMUNE****Sentraladministrasjonen**

Direkte tlf.: 35 07 52 42

Sentralbord : 35 07 52 00

Telefaks : 35 07 71 33

E-post: postmottak@tokke.kommune.no

Org. nr.: 964 964 521 mva

Løpenr	Saksnr	Arkivkode	Avd/Seksj/sakb	Dykkar ref	Dato
7329/02	01/00751	142	SEN-NÆR-SVB		29.11.2002

Svar på innkomne innspel til kommuneplanen sin arealdel pr.29.11.02**Samandrag av innkomne innspel****1. Statnett SF**

Statnett har 6 kraftleidningar i Tokke: Tokke – Førre, Tokke – Flesaker, Tokke – Rød, Tokke – Vinje, Holen – Rød og Lio - Eidsborg. Alle linene har klausulerte byggjeforbodsbelter. Statnett har ingen planar om nye linjetrasear.

Kommunen har hatt dialog med Statnett og linjene deira er lagt inn. Slik ein kjenner til er ein samde om det som gjeld deira interesser.

2. Setesdal Austhei Villreinlag

Ber om at alle relevante opplysningar som kan ha innverknad på forvaltninga av villreinstamma på Setesdal Austhei, vert oversendt dei. Villreinstamma i området er sær sårbar og dei ber om at det vert teke omsyn til villreinstamma ved planar om hyttebygging, nye veganlegg, kraftutbyggingar m.m.

Villreinlaget gjekk i år inn for full fredning av villreinstamma, då denne er på eit eksistensminimum.

Dette med villreinen er ei vanskeleg interessekonflikt .Det beste for villreinen ville truleg vera om ein kunne skruve klokka tilbake og ikkje bygge ut noko i desse områda.

I den planperioden vi no går inn i vil vi klart taka omsyn til villreininteressene. Dette gjer vi ved:

- *Byggjer ikkje ut meir vest for Hallbjørnsekken slik også den gamle planen frå 1992 la opp til.*
- *Vi lagar til ein korridor ved Sæbyggebru. Her er eit gammalt trekk.*
- *Vi avgrensar utbygginga i Strandstøydalen, Botndalen og Vendalen.*

3. Renovest DA

I høve til kommuneplanar må eksisterande avfallsanlegg inn som eigen merka arealbrukskategori. Det må leggjast særlege restriksjonar på utnytting av areala tett ved desse avfallsplassane. Renovest ynskjer slike restriksjonar til uttale.

Kommunen er samd i merknadane frå Renovest.

4. Skafså Kraftverk ANS

Nemner eigedomane deira og fargen dei har i gjeldande arealdel. Dei har ingen merknader til arealbruken i desse områda og meiner dei ikkje bør endrast.

5. Statens vegvesen Telemark

Ved lokalisering av byggjeområde må omsynet til trafikktryggleik takast med i vurderinga. Plankartet må syne haldningsklassene for dei ulike riks- og fylkesvegstrekingane. Nemner elles at trygg skuleveg må vere ei viktig målsetjing ved rullering av kommuneplanen.

Vi har ikkje med i plankartet kva haldningsklasser dei ulike vegane har i høve krav til avkøyringar. Det blir for detaljerna Den informasjonen må hentast frå vegvesenet sine egne kart.

6. Tokke skogeigarlag v/ Olav Urbø

Meiner prinsipielt at hyttebygging bør tillatast i eit belte langs eksisterande vegar (private og offentlege). Dagens arealplan gjev ulike vilkår for grunneigarar i same område og mellom ulike delar av kommunen (Hallbjønnsekken). Mørke grøn sone er for stor og vannrette skraverte område bør reduserast. Meiner det ikkje er trong for fleire verna område.

Er positive til at snoskuterløyper kjem inn i arealdelen. Grensa på 25 m² på driftshytter er for låg, ut frå dagens krav, arbeidsmiljø m.m.

Kanalisering av hyttebygging langs skogsvegar og anna vegnett har vore gjort leng. Arealdelen skal prioritere mellom ulike området. I det ligg det at det vert ulik handsaming av grunneigarar.

Vi registrerer skogeigarlaget sitt syn på ulike soner. Deira syn er ikkje i trå med føringar for å lage ein slik plan. Konsekvensane av eit slikt syn er at ein slik plan ikkje burde eksistere. Slike planar er lovpålagte.

7. Aanund E. Tveiten

Ynskjer å nytte eit område mellom Ljosdalsvatn og Hovdevatn, gnr. 19 bnr. 5 (Lomstøyl) til om lag 20 hytter. Området har mykje låg bonitet. Ynskjer veg, vatn og straum til hyttefeltet. Kart fylgjer vedlagt.

Dette området har visse avgrensingar i høv til at Ljosdalsvatn vert overført til Lintjønn som er drikkevatt for Morgedal.

Det er gjeve løyve til ei viss utbygging i dette området. Viser til planen.

8. Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE

NVE meiner at tema som energi og vassdrag er viktig ved planlegging av arealbruk i kommuneplan og meiner dette bør gjerast synleg i kommuneplanen sin arealdel.

NVE meiner at planen i sin heilskap bør syne ei medviten haldning til vassdrag i planområdet og omtale vassdraga sin fleirbrukarverdi, dvs. verdi som landskapselement, ressurs for rekreasjon/friluftsliv, vassforsyning, energiproduksjon m.m.

Kommunen kan gjennom arealdelen setje av vatn og vassdrag til "særskild bruk eller vern" jfr. Pbl. § 20-4 nr. 5. Vidare bør planen seie noko om verdien av å oppretthalde vegetasjonsbelte langs vassdraga. Dette saman med vurdering av flaumfare kan vere eit grunnlag for å vurdere kor nærre ein ynskjer å tillate byggjetiltak for dei ikkje-verna vassdraga. Ei kan også setje krav om reguleringsplan ved tiltak som er planlagt nærare vassdraget enn 100 meter.

Innanfor planområdet til arealdelen finst det fleire verna vassdrag: Dalåi, Rukkeåi og Åmdalsvassdraget ovanfor Borsæ og Folurvatnet, alle i verneplan 1. Når det gjeld forvaltninga av desse vert det synt til RPR (Rikspolitiske Retningslinjer) for verna vassdrag og permene "Forvaltning av vernede vassdrag" frå 1995 som er sendt kommunen tidlegare.

I planen bør det gå fram korleis retningslinjene er fylgd opp.

For å oppretthalde verneverdiane i verna vassdrag kan kommunen m.a. nytte Pbl. 20-4 nr. 4 (bandlegging) og nr. 5 (særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag), eller gje utfyllande vedtekter etter Pbl. § 20-4 andre lekk, bokstav a og f.

Når det gjeld flaum og anna fare knytt til vassdrag, har kommunen eit sjølvstendig plikt til å undersøkje, samt ansvar for, at faremoment er vurdert og teke omsyn til, både ved utarbeiding av arealplanar og ved vurdering av dele- og byggjeløyve, jfr. Pbl. § 68.

I planen må ein vurdere risiko for flaumfare, erosjon, masseavlagring, isgang osv. for planlagte utbyggingsområde nær vassdrag. I tekstdelen til arealdelen må ein oppgje at dette er vurdert. Det vert særleg peika på Dalen som eit område utsett for flaum.

Område som er særleg utsett for fare bør om naudsynt bandleggast i påvente av regulering til fareområde. I byggjeområde som er utsett for fare kan det lagast føresegner om at faregraden må kartleggjast nærare ved utarbeiding av reguleringsplan. Ein kan og knyte vilkår om kartlegging av faregraden føre delings-/byggjeløyve kan gjevast.

Flaumsonkart for Dalen er under utarbeiding.

Når det gjeld energianlegg må ein ta omsyn til kraftleidningar og andre energianlegg ved planarbeid etter Pbl. Dette erstattar likevel ikkje handsaming etter energilova.

NVE ber om at kraftleidningar med spenning over 22 kV vert merka av i kartet som "viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

Pbl. § 20-4, bandlegging, kan ein nytte for område som er sikra eller skal sikrast til bruk for kraft- og energiverk, eller for overføringslinjer. Banlegging utløyser krav om reguleringsplan.

Ein kan og nytte § 20.4 nr. 1 byggjeområde for område til energiformål, t.d. kraftverk. Steintippar som er oppretta i samband med kraftutbyggingar bør merkast av på planen. På denne måten kan ein sikre seg at arealet ikkje vert nytta til føremål som er i strid med konsesjonsvilkåra for kraftutbygginga.

Energi som tema i arealplanlegginga bør ta opp spørsmålet om alternative energikjelder, t.d. vassbåren varme ved planlegging av utbyggingar.

NVE har mange kommentarar . Vi har kome med eigne merknader i høve til ulike tema som NVE tek opp. Viser til desse .

9. Fylkesmannen i Telemark

I samband med planlegging av område for spreidd bustad, ervervs- og fritidsbusetnad, samt utbyggingsområde for hytter, bør ein i arealdelen ta omsyn til fylgjande:

Vilt: Vilttrekk og beiteområde for vilt, sjeldne og truga artar m.m. Kommunen bør nytte høvet til å revidere viltkartet.

Inngrepsfrie naturområde: Kommunen har eit forvaltningsansvar i å ta vare på desse urørde områda, også dei som ligg i >3 km og >1 km sonene frå inngrep.

Biologisk mangfald: Innan utgangen av 2003 skal kommunane ha utført registrering av viktige område for biologisk mangfald. Dei områda som syner seg å vere særskild verdifulle må sikrast i kommuneplankartet. FM syner til ”Statusrapport for trua artar i Telemark” og ”Viktige botaniske lokalitetar i Telemark” som er sendt kommunen tidlegare.

Utbygging i høve til allmenn fri ferdsel, særleg hytter i høve til strandsona m.m.: FM peikar på trongen for å ta vare på strandsonene og rår til at Tokke innfører eit 100 meter byggjeforbod mot vatn og vassdrag. Dei peikar vidare på at det er viktig å ta omsyn til trasear for stigar og løyper særleg i detaljplanlegginga, men også på overordna nivå. Dei syner til rettleiaren ”Hytter og reiseliv” som er sendt kommunane.

Utslepp i hytteområde:

Utsleppstilhøve er ein viktig lokaliseringsfaktor i samband med planlegging av større hyttefelt. Her bør ein syne eksisterande og evt. planlagte trasear for leidningar.

Ovanemnde faktorar er også viktige i samband med planlegging av bustader og næringsområde. Avløpsplanen er ein slik viktig lokaliseringsfaktor for ny utbygging og fortetting.

Samferdsel: Oppmodar kommunen om å leggje ajourført nett av skogsbilvegar inn på plankartet. Tema som gjeld vedlikehald av vegar er oftast tema som må takast opp i detaljplanar.

Støyproblematikk: Gjeldande arealdel inneheld 2 skytebanar der det er lagt støysone ikring. Det bør gå fram av kartet kva for støynivå som støysonene syner. I tillegg er det nyleg etablert ny bane i nordre Morgedal (ved Mostøyl) i Kviteseid som har verknader for Tokke. Kopi av støysonekart for området er lagt ved innspelet frå FM.

FM rår til at fylgjande eksisterande støykjelder vert synt på plankartet som informasjon: Massetak med knuseverk og motorsportanlegg.

Energi/vassdrag: I tillegg til dei verna vassdraga som NVE listar opp, nemner FM også Songedalsvassdraget i Fyresdal. Dei nemner også at DN og NVE har starta opp arbeid med supplerer av verneplanane for vassdrag og revisjon av samla plan.

FM nemner eit par punkt i ny lov om vassressursar og grunnvatn som er viktige for arealplanlegginga. §10: Ved vasskraftutbygging skal ein alltid spare det som er ei "allminneleg lavvannføring". §11: ved inngrep attmed vassdrag skal ein oppretthalde eit avgrensa, naturleg vegetasjonsbelte langs stranda av omsyn til dyre. Og plantelivet og for å hindre avrenning i landbruksområde.

Tokke forvaltar eit elvedelta som er vurdert som nasjonalt viktig, dette gjeld utløpet av Tokkeåi i Bandak. I tillegg forvaltar Tokke ei viktig stamme med storaure i Bandak. Det er viktig at gyte- og oppvekstvilkåra i Tokke-Dalaåi vert teke vare på. Fiskefredningssona i utløpet av vassdraget bør merkast av på plankartet.

Motorferdsel i utmark: FM tykkjer det er positivt om kommunen vil markere snoskuterløyper som informasjon på plankartet, som grunnlag for sakshandsaminga.

Verneområde: Området Heddedalane har no fått varig vern og treng difor ikkje særskild bandlegging. Vedk. kulturlandskap så minner dei om at planar om inngrep i nasjonalt prioriterte område skal på høyring til m.a. FM.

Nemner eit område *Storskog* i Tokke kommune som ligg i bruttolista i verneplan for barskog.

Landbruksfaglege spørsmål: Syner til diverse stortingsmeldingar vedk. arealpolitikk og landbruk, samt rettleiar for oversiktsplanar. FM føreset at kommunen sine fagpersonar innan landbruk tek del i planarbeidet og at det vert lagt fram naudsynte landbruksfaglege vurderingar saman med høyringsutkastet av planen.

Risiko og tryggleik: ROS (risiko og sårbarheitsanalyser) er eit viktig reiskap for å kome fram til turvande omsyn når det gjeld risiko og tryggleik i planlegginga. Risikotilhøve som bør takast opp og synast i arealdelen: Fareområde (industriverksemdar, kraft- og damanlegg m.m.), høgspenliner med byggjeforbodssoner, ras og flaum, radonfare.

Drikkevatn og sikringssoner vert synt i planen.

Viktig infrastruktur: Viktige vegar vert synt på plankartet, i tillegg til eksisterande og planlagte g/s-vegar, evt. med rekkefylgjekrav når det gjeld nye bustadområde.

Born og unges interesser: Omtalande del bør seie noko om barnerepresentanten si rolle i planarbeidet og om RPR for born og unge. Planen kan gje føresegnar om areal- og funksjonskrav til leikeareal og andre uteopphaldsareal, og om at bustad og uteområde skal gjerast ferdig samstundes. Krav til sikker skuleveg m.m. må vurderast i samband med planen. Planen må vidare utarbeidast med tanke på god fysisk tilkomst i uteområde for alle befolkningsgrupper.

Føresegner og teiknforklaring: FM ber om at gjeldande rettleiande norm for framstilling av kommuneplanen sin arealdel vert nytta ved utforminga av planen. Det er viktig å skilje mellom eksisterande og planlagt arealbruk, samt mellom retningslinjer og føresegner.

FM peikar særskild på at krava til framstilling av spreidd utbygging i LNF-område er skjerpa frå departementet dei seiste åra. Spreidd utbygging må skje etter § 20-4 andre lekk bokstav c, der både lokalisering og omfang av spreidd utbygging må synast på plankartet og gå fram av teiknforklaring og føresegner.

Det vert peika på at disposisjonsplanar ikkje lenger er ei plantype etter Pbl, og må difor innarbeidast i arealdelen, anten som byggjeområde (jordlova trer ut av kraft) eller som LNF-område med høve til spreidd utbygging.

Vi har registrert Fylkesmannen sine innspel og vi trur vi har teke med det som er pålegg . Av andre merknader så registrerer vi dei og følgjer dei så langt vi finn det rett , men vi har og andre omsyn som dreg i andre retningar, slik at dette vert ei avveging som her er gjort.

10. Skien – Telemark Turistforening

Turistforeninga syner til lista i varslingsbrevet om aktuelle tema i rulleringa og etterlyser eit punkt som omhandlar naturmiljø og friluftsliv. Dei oppfordrar Tokke kommune til å ta med dette. I planarbeidet bør ein m.a. drøfte korleis kommunen kan sikre og leggje til rette for friluftsliv langs elvar og innsjøar, i skog og på fjellet m.m.

Det vert synt til stortingsmeldinga om miljø og utvikling, formålsparagrafen i friluftslova, samt Fylkesmannen sin handlingsplan for friluftsliv i Telemark.

Det meste av Tokke er best eigna til bare friluftsliv. Med friluftsliv så meiner vi turar der ein tek med seg naudsynt utstyr og går der ein har lyst. Vi har tilrettelegging gjennom eit eige turstikart, men på dei store høgfjellsareala ynskjer vi ikkje organisert friluftsliv av omsyn til villreinen.

11. Geirmund Skaalen

Ynskjer at hytteområde vert utvida frå Froland og inn mot høgareliggjande område, - Strandstøydalen og Botndalen/Vendalen. Skogen i områda er verdiløus og grensa for utbygging bør aukast til 900 moh, med atterhald om at det er rasfrie område. Som fylgje av ei slik utviding, kan det og vinterbrøytast lenger inn.

Utbyggingsområda kan gje bi-inntekter til småbruka som er der og det vil gje auka innkome for kommunen i framtida.

Vi har tvert om redusert utbygging i desse områda. Dei er ikkje lengre gul sone. Grunngevinga for dette er at vi meiner at den tunge turistutbygginga i Tokke i all hovudsak skal skje i området rundt Hallbjørnsekken. Dette med motorferdsel i utmark er og ein del av grunngevinga for dette.

12. Tarjei Kjestveit

Ynskjer området mellom Rv 38 og Åmlidvatn i Skafså utlagt til hytteområde, for å kunne styrkje næringsgrunnlaget for framtida. Området inneheld i hovudsak furumark av middels og låg bonitet.

Ureininga av Åmlivatn var for ein del år tilbake ei stor sak. Resipienten for avløp i desse områda er dårlege. Dette er eit relativt urørd område. Det er vårt syn at det bør vi taka vare på. Hytte utbygging i dette området vert lagt til Hylebuområdet.

13. Vinje kommune

Peikar på at det kan kome meir hyttebygging i Øyfjell, ved grensa til Tokke. Har elles ingen merknader.

Vi er klår over det og det vert også meir utbygging på andre sida av kommunegrensa i dette området.

14. Kviteseid kommune

Minner om nedslagsfeltet for Morgedal vassverk som ligg i Tokke kommune.

Vi er klår over det og vil legge vekt på å taka omsyn til dette.

15. Einar Jørgen Landsverk

Fortetting på eigedomen Buinstøyl i Øyfjell med omlag 25 hytter.

Vi går inn for denne planen i høve til antall.

16. Dag Døli

Munnleg innspel vedkomande fortetting i området Hylebu.

Vi går inn for eit hytteområde ved Hylebu.

17. Jan Olav Kollberg

Munnleg innspel 7 hytter på Åmdal. Ligg ute som ljosegrønt området i dag.

Vi går inn for nokre hytter på Moland langs vegen til Omdal.

18. Åge Kjestveit

Ynskje om å fortette ytterlegare i Kuskar-området.

Av omsyn til villreininteressene går vi mot vidare utbygging i dette området.

19. Olav Romdal

Skriftleg innspel om 20 hytter i området Langesæ nord gnr/bnr 28/1

Viser til merknader frå Fylkesmannen om vern av inngripsfrie område. Vi meiner Langesæ – området er det og går mot ei slik utbygging.

20. Statskog

Opplysningsvesenet fond eig Mo/Tokke prestebustad, Mo prestegardsskog og området rundt desse. Det er ingen konkrete planar om endringar.

Lårdal prestegard er dela i fleire delar; Lårdal prestegard i Lårdal sentrum og Høydalsmo kyrkje med skogteig. Statskog ynskjer dialog med kommunen vedkomande planar for desse områda.

21. Skafså grendelag

Ynskjer å styrkje busetninga i Skafså området. Ber kommunen legge ut fleire tomter i området. Ikkje ynskjeleg med hyttetomter i Nordbygdi.

Kommunen har tomter i Svingen og vi bygger ut i dette området .Vi meiner kommunen i dag har tomter nok i området. Det er pr. i dag ingen etterspurnad etter tomter i området. Hyttefelt i Nordbygda blir det ikkje.

22. Geirmund Skaalen

Ynskjer hyttebygging i Bessedalen.

Det blir ei avgrensa hyttebygging i Bessedalen . Totalt vert det løyve til 3 hytter.Grunngjevinga er at dette er eit område som ikkje er utbygd og som ein ser på som urørd.

Gamle innspel

1. Torgeir Midjås (20.08.97)

I området Djupetjønn / Borsæ ynskjer Midjås å legge ut hytter.

Dette er urørde område som ein ikkje ynskjer hyttebygging i . Ei hyttebygging her vil auke presset på mototrferdsel i utmark då alle som ville hatt hytte her måtte få scooterløyve. Det ville vera mot innspela frå Fylkesmannen å bygge ut i dette området.

2. Åsland og Vistad grunneigarlag (05.06.97)

Vistadheimområdet inn til soknegrensa mot skafså bør leggest ut til ljosegrøn sone.

Denne fargen er borte . spreidd hyttebygging skal skje på avgrensa område og eit bestemt antall.

3. Torgeir Haugen (12.05.96)

Ynskjer at området Fjøllstøyl – Kilerova kan bebyggast med hytter

Vi har gjort framlegg om ei avgrensing av hyttebygginga i Botnedalen , men eit visst antall vert det gjeve løyve til.

Vedlegg 3 Samandrag frå høyringsrunde

Samandrag av innkomne høyringsfråsegner mars – april 2003 - vurdert av plangruppa i møte den 30.04.03

Tilstades på møtet vart Åge Verpe, Birger Nygård, Sverre Bakke og Gunhild Slyngstad Frist for uttaler til arealdelen gjekk ut 22.04.03. Gruppa gjekk igjennom/vurderte innkomne høyringsfråsegner. Det ligg føre eige referat frå folkemøtet på kommunehuset i Tokke 02.04.03 (vedlagt).

1. Setesdal Austhei villreinnemnd

Ser det som positivt at byggjeområda innanfor Setesdal Austhei er redusert i omfang. Har elles ingen merknader.

2. Svein Fjelle

Ynskjer utlagt eit område ved Uppedalsvatnet i Kvålsgrend, gnr. 68 bnr. 2, med høve for å byggje kring 4 hytter.

Vurdering frå plangruppa:

Området er vurdert og det er lagt ut eit område for hyttebygging i området. Ut over dette ynskjer ein ikkje å leggje inn nye område for hyttebygging i Kvålsgrend.

3. Telemark Fylkeskommune

Fylgjande tekst bør innarbeidast i reglane til arealdelen: ”*Alle forslag til planar innanfor området skal sendast fylkeskommunen til fråsegn, jfr. Kulturminnelova § 9*”.

Kommunen bør utarbeide eit eige temakart som omhandlar kulturminna, dvs. kulturlandskap, kulturmiljø, nyare tids kulturminne og automatisk freda kulturminne.

I samband med utarbeiding av reguleringsplanar i områda for fritidsbustader på Skafsåheia og Botndalen, må det takast omsyn til villreinproblematikken.

Vurdering frå plangruppa:

Ein rår til at det vert lagt inn ei retningsline om at ”*Alle framlegg til planar innanfor området bør sendast Fylkeskommunen til uttale*”. Merknaden vert elles teken til vitande.

4. Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE stiller seg negative til at fritids- og bustadbygginga i kommuneplanen er planlagt heilt inntil vasskanten. Dersom dette vert liggjande inne føreset dei at det vert sett kravt til reguleringsplan der eit belte langs vassdraget regulerast til friområde, for å ta omsyn til ålmenta sine ferdselsinteresser. Byggjeplanane for fritidsbustader i Bessdalen ligg innanfor det verna vassdraget Rukkeåi. Her er det ikkje lagt inn eit 100 meters friområde langs vassdraget. Rikspolitiske retningsliner skal leggjast til grunn i planarbeidet og i enkeltsaker for Rukkeåi, Dalaåi, Rusåi, Songedalsåi og Åmdalsvassdraget ovanfor Borsæ og Foluvatnet.

Vurdering frå plangruppa:

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag må innarbeidast i planen..

5. Torgeir Midjås

Ynskjer utlagt 5 hyttetomter i eit lite område ved Borsæ. Dette vart søkt om i 1997, men er ikkje teke med i planen. På kartet er det merka av to sperredammar og 4 hytter i same området, men sakshandsamar grunngjev avslaget med at dette er eit urørd område og at utbygging kan gje auka motorisert ferdsel.

Vurdering frå plangruppa:

Plangruppa meiner framleis at dette er eit område som ein ikkje bør tillate vidare hyttebygging i. Området ligg langt frå veg og ligg i eit område som i stor grad er urørd.

6. Tarjei Gaastjønn

Ynskjer utlagt eit område ved Skrevatn til hyttebygging. Området låg tidlegare i ljøs grøn sone i arealdelen. Området er godt eigna til utbygging; gode grunntilhøve mtp. kloakkering, veg og straumkabel går gjennom feltet.

Vurdering frå plangruppa:

Gruppa rår til at det aktuelle området vert lagt ut i arealdelen som informasjon, der ein seier at området skal vurderast nærare som hytteområde. Ein rår til at området vert markert med oransje skravur, slik at ein ikkje blandar informasjonen med dei formelle arealbrukskategoriane.

7. Statnett

Minner om 6 stk. 300kV-høgspenningslinjer, med byggjeforbodsoner som strekkjer seg 10 meter utanfor næraste spenningsførande faseline. Vegkryssingar og alternativ arealbruk i byggjeforbodsonene må leggjast fram for godkjenning i Statnett.

Vurdering frå plangruppa:

Langs høgspenningslinjer over byggjeområde, gjeld byggjeforbodssoner etter gjeldande føreskrifter.

8. Vinje kommune

Vinje kommune ser det som naturleg at Tokke kommune, i samband med rullering av arealdelen og det føreståande samarbeidet om felles strategi for forvaltning av Setesdal austhei, gjennomfører konsekvensvurdering for villrein.

Vurdering frå plangruppa:

Trong for villrein vurderingar vil truleg verte vurdert og teke stilling til i samband med pågåande samarbeid om felles forvaltning av villreinen i Setesdal austhei.

9. Geirmund Skaalen

Det er ikkje krav til 100 meters grense langs vatn og vassdrag i innlandet, dette gjeld berre langs sjøen. Gjer elles merksam på at han kjem til å kome med eit reguleringsframlegg for Ljosåk/Bessevatn. Skaalen meiner vidare at småskala kraftverk må takast opp i

kommuneplanen og at omsynet til rasfaren ikkje berre må gjelde for Botndalen/Vendalen, men for heile kommunen.

Vurdering frå plangruppa:

Spørsmåla vart svarta på i folkemøtet 02.04.03. Ved Bessevatn er det lagt ut område for hyttebygging.

10. Statens vegvesen

Haldningsklasser for avkøyrslar må inn på plankartet saman med forklaring på kva dei ulike klassene inneber. Plankartet må også påførast riks- og fylkesvegnummer. Streksymbolet for høgfartsbanen må leggjast lik i kartet og på teiknforklaringa. Der banen skal gå i tunnel, må dette gå fram av kartet.

Vurdering frå plangruppa:

Punkta vert innarbeidd i plankart og føresegner.

11. Fylkesmannen i Telemark

Fylkesmannen (FM) meiner at kommunen gjennom planframlegget syner vilje til arealøkonomisering og omsyn til miljøverninteresser. Framlegget ser ut til å vere utan særlege konflikhtar i høve til landbruksinteressene. Kommunen ser ut til å ha ein medviten haldning til temaet samfunnstryggleik.

I område for spreidd hyttebygging saknar fylkesmannen klåre reglar om avstand til vatn o.l., slik det er gjort under kriteria for bustadbygging.

Støysona som er teikna inn kring skytebanane bør i teiknforklaringa innehalde informasjon om kva støynivå sona syner.

FM rår kommunen til å leggje inn ei generell føresegn om omsynet til biologisk mangfald: *”For område som er lagt ut til byggeområde, LNF med spreidd bustadbygging og LNF med spreidd hyttebygging, bør det takast omsyn til eventuelle registreringar av biologisk mangfald.”*

Fiskefredningssona i Bandak bør gå fram av plankartet.

I LNF-område for spreidd bustad- og yrkesutbygging må det setjast krav til fagleg dokumentasjon på tryggleik/ROS-analyser i samband med utbyggingsplanar/enkeltsaker. Kravet må gjerast juridisk bindande. I SBY-området i Byrtedalen må kravet vedk. ras og flaum gjerast juridisk bindande og at kommunen skal krevje fagleg dokumentasjon på tryggleik.

I høve til trafikktryggleik må det setjast krav om trygge tilhøve når det gjeld tilkomst til skular og at dette skal vere ordna før bueningar vert tekne i bruk.

I høve til radon i bustader må det leggjast inn føresegn om krav til moglege granskingar av byggjegrunn før byggjearbeid vert sett i gang, samt krav til moglege byggjetekniske tiltak for å minske radon i innelufta.

I byggeområde må kommunen ta stilling til byggjeforbodssoner som må omtalast i føresegnene.

Det bør takast inn føresegn om areal- og funksjonskrav til leikeareal og andre uteopphaldsareal og at desse areala skal gjerast ferdige samstundes med bustadene.

FM har vidare kommentarar til teiknforklaringa og føresegnene til planen. Plankravet for tiltak etter § 93 bør spesifiserast nærare. I føresegna om 100 meters grense mot vassdrag bør det presiserast kva tiltak som er meint, t.d. om forbodssona ikkje gjeld for vegar og andre konstruksjonar.

I høve til LNF-område med høve for spreidd bustad- og yrkesbygg bør det spesifiserast som føresegn kva som kan tillatast av garasje, uthus o.l. Det er ikkje høve til å gje føresegn om at næringar som kan gje nærføringsulemper skal unngåast. I høve til næringsbygg rår FM til at det vert sett plankrav for fyrste eining, slik at ein har betre styring med kva type næring som skal lokalisert i området.

I LNF-område for spreidd yrkesbygg i Byrtedalen bør det presiserast kor mange nye støyshus som kan tillatast og kor mange eksisterande støyshus som kan restaurert.

I området for råstoffutvinning kan det ikkje gjevast alternativ arealbruk. Det er uklart kva slags plan som vert kravd for masseuttak.

Vurdering frå plangruppa:

Setning vedk. biologisk mangfald vert lagt inn i planen som retningsline.

Lokaliseringskriteria under SBY-områda vert lagt inn under felles føresegner.

Vernesona i Bandak vert lagt inn i kartet og administrasjonen finn ut kva støynivå støysonene syner.

Område for masseuttak ved skredvatn vert trekt noko inn frå strandlina.

Undersøkingar i høve til radon er særleg aktuelt for Austheia og vert lagt inn som krav i føresegnene. Føresegner vedk. krav til dokumentasjon i høve til tryggleik vert retta opp.

Føresegna om alternativ arealbruk i område for råstoffutvinning vert skriven om slik at det går fram at områda skal tilbakeførast etter avslutta uttak.

RPR for verna vassdrag vert lagt inn i arealdelen.

Nummereringar, uklare setningar og mindre rettingar i teiknforklaring og føresegnene vert gjort der ein ser det som turvande.

12. Seljord kommune

Har ingen merknader

13. Grunneigarar på Byrte v/ Jon Utigard og Hallvard Apeland

I fellesuttale frå Byrte protesterar grunneigarar på at ikkje tidlegare innsendt uttale frå Byrte med 69 underskrifter har kome med i planarbeidet. Dei føler no at dei vert straffa fordi dei har klart å halde oppe eit aktivt landbruk i bygda. Dei ber om at formannskap og kommunestyret vert gjort særleg merksame på tidlegare brev frå Byrte datert 17.06.96.

Grunneigarar på Byrte ynskjer at LNF-området for spreidd yrkesbygging i Byrtedalen, samt Haugoheia, vert endra til område for spreidd hyttebygging og meiner dette ikkje er i strid med ynsket om å restaurere gamle støyssel. Meiner vidare at der det skal setjast opp nytt som erstatning for falleferdige sel, må ikkje utbyggar vere bunden av opprinneleg form og storleik.

Avgrensa hyttebygging vil etter deira syn ikkje øydeleggje for sauehaldet. Dei kan godta at Byrtedalen er lagt ut som "særleg verneverdig kulturlandskap" dersom dette kan utløyse ressursar til området og at ein framleis får halde oppe aktiviteten.

Vurdering frå plangruppa:

Tokke kommune er positive til ei viss hyttebygging i Byrtedalen, men meiner at dette ikkje bør kan gjerast no utan at grunneigarane har vorte samde om fordelingsordningar og om kor/korleis ei mogleg hyttebygging skal skje. Ved å leggje heile dalen ut til område for spreidd hyttebygging, vil ein ikkje ha styring på fordeling mellom dei ulike eigedomane – "fyrstemann til mølla" vil få byggje ut.

Plangruppa rår derimot til at det vert lagt inn informasjon i planen om at kommunen er positive til ei mindre hyttebygging i Byrtedalen og vil vurdere dette etter eit samla grunnlag/"konsept" og fordelingsstrategi/avtaler mellom grunneigarane i Byrtedalen. Dette kan så leggje grunnlaget for at grunneigarane kan fremje privat reguleringsframlegg for Byrtedalen, der både verneinteresser, landbruksinteresser og utbyggingsinteresser m.m. er teke omsyn til.

14. Tokke skogeigarlag

Ynskjer at det vert lagt føringar bak planen som gjer at kommunen ser positivt på mindre hyttebygging i område som ikkje er lagt ut til hyttefelt, men som ligg attmed vegar. Føresetnaden for eit levande kulturlandskap er at det skjer aktivitet..

Vurdering frå plangruppa:

Merknaden vert teken til vitande.

15. Fylkeslandbruksstyret i Telemark

Inneheld dei same punkta som er omtala i uttala frå Fylkesmannen under temaet landbruk.

16. Trygve Gundersen

Ynskjer at SH 5 Mykli vert justert jfr. Kart. Ynskjer utbygging av fleire nye område, samt fortetting i eksisterande. Ser for seg 30-35 nye hytter i planperioden. Kravet om avklaring av parkeringsplassar og avkøyrslar i området har vore jobba med og ser ut til å vere i orden.

Vurdering frå plangruppa:

Då planen har vore ute på høyring, ynskjer ein ikkje å gjere større endringar som gjer til at planen kanskje må leggjast ut på ny.

SH-området på Mykli vert i staden delt i to: Ovanfor vegen vert det lagt ut for 10 nye hytter og på nedsida for 5 hytter. Områda er godt eigna til vidare fortetting og hyttebygging generelt. Ei vidare auke i områda må vurderast ved seinare høve/rullering av arealdelen.

Framdrift – arealdelen

Plangruppa vart samd om å ha klart endeleg utkast til arealdel for utsending til møtet i planutvalet 4. juni/ kommunestyret 23.06.03.

Gunhild Slyngstad

Ref.

Vedlegg 4 Referat frå folkemøte

REFERAT FRÅ FOLKEMØTE I TOKKE 02.04.03 PÅ KOMMUNEHUSET: - RULLERING AV AREALDELEN – HØYRINGSUTKAST

Teknisk sjef Åge Verpe, skogbruksjef Sverre Bakke, ordførar Birger Nygård og arealplanleggjar Gunhild Slyngstad sat i panelet.

Ordføraren innleidde møtet: Kommunen ynskjer å få inn tilbakemeldingar om arealdelen som ligg ute på høyring i desse dagar. Arbeidet med arealdelen er eit viktig arbeid, der ein fastlegg arealbruken i kommunen for lang tid.

Frist for uttale er sett til 40 dagar frå kunngjeringsdato, dvs. 22. april. Ein tek sikte på å få planen vedteke i kommunestyret i juni-møtet 2003.

Åge Verpe gjekk igjennom innhaldet/tema i planen og planomtala: ROS (risiko og sårbarheit), kraftanlegg og –installasjonar er teke inn som informasjon, byggjeskikk, viktige kulturlandskap, utmarksnæring/støylsbuer, viltforvaltning, landbruksfaglege vurderingar, 100 meters byggjeforbodssone langs vassdrag, vernesone for storaurebestanden i Bandak, biologisk mangfald (naturtypekartlegging 2003), satsingsområde for turistutbygging – Hallbjønnsekken, område med høve for spreidd hyttebygging enkelte stader, tidlegare godkjende reguleringsplanar gjeld framleis, på Dalen er det ikkje gjort endringar – her gjeld reguleringsplanane, Huvestadodden - utviding av bustadområde, høve til spreidd bustadbygging og yrkesutbygging i grendene.

Sverre Bakke fortalde om landbruksomsyna i planen: Planen byggjer i hovudsak på gjeldande plan, men er endra i medhald av gjeldande reglar. Område der det er høve til spreidd utbygging er av den grunn redusert. Viktige kulturlandskapsområde er lagt inn i planen, byggeområda på Hallbjønnsekken er redusert av omsyn til villreintrekk, høve for å bygge driftshytter i LNF-områda; utleige til jakt o.l. kjem ikkje inn under desse, men det er høve for å gje dispensasjon frå planen.

Innspel frå salen:

Geirmund Skålen spurde om det var lovfesta 100-meters grense mot vassdrag i innlandet og kva kommunen gjorde i høve til småskalakraftverk; var dette med i planen?

Slyngstad svara at 100-meterssona som var lagt inn i høyringsutkastet ikkje er lovpålagt, men kommunen sitt framlegg til forbodssone som det er høve til å setje i medhald av Plan- og bygningslova. Ein har høve til å setje mindre grense. I høve til småskalakraftverk svara Verpe at kommunen har byrja å jobbe med dette spørsmålet, men at det ikkje er lagt inn i arealdelen. Det ikkje naudsynt at det vert lagt inn i arealdelen, då vassdragslovgjevinga og Pbl. i desse tilfella gjeld parallelt. (Tilhøvet til arealdelen må avklarast i kvar enkel sak).

Tarjei Gaastjønn peika på at det har vore for lite informasjon om at ljose grøn sone forsvinn. Det er mange som ikkje veit om at dette skjer. Er det høve til å ta inn hyttefelt, evt. enkelthytter utan å ta full revisjon av planen? Planen burde ha teke opp overordna vurderingar

kring hyttebygging som aktuelle næringskjelde sett i høve til dagens landbrukspolitikk. Det bør leggjast inn høve for kortare grense enn 100 meter til vassdrag.

Verpe og Bakke svara: Det er høve til å gje dispensasjon frå planen og på denne måten tillate hytter som ikkje er teke inn i planen. Ein har lagt opp til at satsingsområdet for hyttebygging er på Hallbjønnsekken og at ein ikkje ynskjer å leggje opp til særleg hyttebygging i andre delar av kommunen.

Hallvard Apeland meinte at det i høve til 100 meters grensa mot vassdrag burde stå bør i staden for skal, slik at ein ikkje binde seg opp til 100 meter. Stilte vidare spørsmål om kvifor det er sett eit antal støylsbygningar som det er høve til å restaurere, - det bør vere positivt med alt av restaurering. Ved å leggje ut Byrtedalen i den kategorien som er gjort, øydelegg ein sjansen for at det skal kunne skje ei utvikling i Byrtedalen.

Panelet svara med at det er opna for mindre grense til vassdrag i samband med utarbeiding av bebyggelsesplanar. Grunnen til at det er gjeve eit antal på støylsbygningar er at det i område med høve for spreidd utbygging er krav til å syne omfang og lokalisering. Byredalen har eit så særskild kulturlandskap/støylsmiljø at ein ser det som viktig å halde på dette. Hyttebygging kan fort øydeleggje preget i området. Fylkesmannen har ved tidlegare høve peika på viktigheita av å ta vare på dette området.

Apeland heldt fram med at kommunen har høve til å leggje ut Byrtedalen til spreidd hyttebygging, uavhengig kva Fylkesmannen.

Halvdan Jore, Åsane/Vistad grunneigarlag, spurde om det ikkje var høve til å restaurer støylane til fritidshytter eller til jaktutleige.

Slyngstad svara med at reglane kring driftshytter er strenge og at restaurering av støyalar til fritidsbustad eller utleigeobjekt, ikkje kjem innanfor det som er definert som driftshytte i landbruket. Det er på gang drøftingar om dette spørsmålet i planlovutvalet, som vurderar moglege endringar i regelverket.

Jon Utigard peika på at ein ikkje laga ein plan for å dispensere frå han. Utigard meinte det var kritikkverdig at ikkje innspelet frå Byrte har kome med i planarbeidet.

Panelet presiserte at grunneigarane sine ynskjer om utnytting i Byrtedalen var godt kjent, og at spørsmålet om hyttebygging i området var vurdert undervegs i planprosessen.

Olav Urdbo, Tokke Skogeigarlag, hevda at det ikkje var heimel for å verne om kulturlandskap i Plan- og bygningslova. Gunhild svara med at det er fullt ut mogleg og at det i dette tilfellet berre er lagt inn som informasjon med retningsliner til planen til bruk i sakshandsaminga.

Tarjei Gaastjønn meinte at det var viktig å ta vare på kulturlandskapa i kommunen og at dette truleg vil vere av stor verdi for komande generasjonar. Støyalar er også ein del av kulturlandskapet som er viktig å ta vare på. Gaastjønn kom med framlegg om ny formulering vedk. 100-meters belte mot vassdrag: *"Byggjegrensa mot vatn er 100 meter i planen, men kan fråvikast ved særskilde høve"*.

Stein Olav Heimdal spurde om kva som er meint med formuleringa om at Bandakjordet skal vurderast særskild. Åge svara med at området har heilt særskilde kvalitetar arkitektonisk og at dette burde takast omsyn til i samband med evt. omregulering i området.

Utigard meinte at kommunen burde ta ein gjennomgang av kommunale skjemmande bygg, før ein starta med å henge ut private, slik som kommunen har gjort.

Apeland meinte ein må ha tru på at folk vil ha det fint kring seg og at ting vert gjort på ein god måte. Vidare spurde han om ikkje det var høve til å leggje ut Byrtedalen som viktig kulturlandskap og samstundes gje høve til hyttebygging. Slyngstad svara med at dette i teorien er mogleg, men at det fort vert konflikt mellom desse to formåla og at det difor kan vere vanskeleg å få gjennomslag for ein slik kombinasjon .

Urdbø peika på at arealdelen er veldig førande for utviklinga i kommunen og at ein burde ha gjort ei større vurdering når ein fastlagde arealbruken.

Bakke svara med at desse spørsmåla burde takast opp i den generelle kommuneplanen der målsetjingar og strategiar for kommunen vert nedfelt.

Gunhild Slyngstad
Ref.